



06.04.2021

Til:

Johanna Nessa, foreldrerepresentant og leiar av SMU/SU
Guri Eikeland, foreldrerepresentant og nestleiar av SMU/SU
Kathrine Kindingstad, foreldrerepresentant i SMU
Adrian Kavli, elevrepresentant i SMU/SU
Anne Rørtveit, elevrepresentant i SMU/SU
Sofija Karamane, elevrepresentant i SMU
Bjørng Wiig Nærland, lærarrepresentant i SMU/SU
Tor Magne Moen, lærarrepresentant i SMU/SU
Joanna Mowinska, representant for andre tilsette i SMU/SU
Jan Terje Vignes, representant frå kommunen i SMU/SU

Referat og sakliste til møte i SMU og SU ved Finnøy sentralskule

Møtetidspunkt: Tysdag 9. desember kl. 09.00

Møtestad: Teams

Forfall: Mathias Gard møtte for Adrian Kavli

Skulemiljøutval (SMU)

Sak 6 20/21 Godkjenning av referat

Vedtak: Møterefertat blei godkjent

Sak 7 20/21 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Vedtak: Møteinnkalling og sakliste blei godkjent

Sak 8 20/21 Nytt ordensreglement

Kommunestyret vedtok 16. november nytt reglement for orden og åtferd i stavangerskolen. Reglementet vil gjelde fra 1. januar 2021.

I det nye reglementet står det bl. anna: “Elever, lærere, foreldre og ledelse kan i fellesskap lage egne skoleregler for bruk og oppbevaring av private mobiltelefoner, smartklokker og lignende. Hovedregelen er at elevene på barneskolen ikke skal bruke private enheter i skoletiden, mens elevene på ungdomsskolen selv får være med på å bestemme om de skal kunne bruke private digitale enheter i friminuttene”

Kva tankar gjer SMU seg i forhold til reglar om mobilbruk?

Har SMU andre innspel til reglementet?



Finnøy sentralskule

Elevrådet på ungdomstrinnet ynskjer at elevane på ungdomstrinnet skal kunne bruka mobil i friminutta. Dei trur at det vil auka trivselen på skulen og ynskjer ein prøveperiode

Lærarane ynskjer ikkje at elevane skal bruka mobil i friminutta. Dei opplever mykje god aktivitet ute, og trur at mobilen vil virka hemmande på aktivitet og sosialt samspel.

Foreldrerepresentantane har hatt saka opp i FAU. Dei ynskjer mobilfri skule. dei trur mobilbruk på skulen kan føra til sosiale skilnader og krav om nye og dyre modeller

Det var berre elevane som stemte for mobilbruk i friminutta.

SMU hadde ingen andre kommentarar til reglementet.

Vedtak: Elevane ved Finnøy sentralskule skal ikkje bruka mobil o.l. i friminutta

Sak 9 20/21 Koronatiltak

Skulane har denne hausten vore på gult nivå i forhold til Covid-19. Det inneber bl. anna at ein ikkje skal blanda elevar frå ulike kohortar meir enn ein må, t.d. i språkfag og valfag på ungdomstrinnet. Elevane kan vera i lag med samarbeidane kohortar ute.

Stavanger kommune har kome med anbefalingar om at ein ikkje skal ha fysiske møte. dei tilsette skal heller ikkje møtast i sosiale samanhengar.

Fokuset er reinhald, avstand og ikkje koma på skulen dersom ein kjenner symptom på influensa.

Korleis opplever elevar, føresette og tilsette koronatiltaka og informasjonen som blir gitt i forhold til dette?

SMU meiner at koronatiltaka fungerer greitt.

Vedtak: SMU tok saka til orientering

Samarbeidsutval (SU)

Sak 8 20/21 Godkjenning av referat

Vedtak: Møtereferat blei godkjent

Sak 9 20/21 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Vedtak: Møteinnkalling og sakliste blei godkjent

Sak 10 20/21 Resultat frå nasjonale prøver

Kvar haust gjennomfører skulen nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk for 5. og 8. trinn og i lesing og rekning på 9. trinn.



Når me studerer tala frå desse prøvene ser me fleire ting som me kan gleda oss over:

- På 5. trinn har fleire elevar gått frå kritisk grense i lesing på 3. trinn til nivå 2 og 3 (av 3 nivå) på nasjonale prøver.
- 8. trinn skårar høgast i Stavanger kommune i rekning. dei oppnår 54 poeng der 50 poeng er nasjonalt gjennomsnitt.
- Ingen elevar er på nivå 1 i lesing og berre ein elev er på nivå 1 i rekning på 9. trinn.

Skulen ser at ein framleis har utviklingspotensiale i forhold til engelsk. Skulen skårer lågt i forhold til nasjonalt snitt både på 5. trinn og 8. trinn. Me er heller ikkje nøgd med årets resultat i lesing

Innspel til saka: SU ynskjer fokus på engelsk. Korleis kan ein jobba med faget?

- Følgje opp faget meir systematisk
- Auka forventninga og auka krava til kompetanse
- Endra metodikk

Foreldra påpeikar kor viktig det er med god kompetanse hos lærarane.

Elevane er og opptekne av at lærarane likar faget og følgjer opp systematisk. Dei tenkjer det er viktig å arbeida godt med grammatikk og gloser på barnetrinnet. Viktig med gloseprøver.

Vedtak: Su tok saka til orientering

Sak 6 20/21 Budsjett og rekneskap

I overgangen til Nye Stavanger har ein fått ny berekningsmodell for resursar til skulen. Dette har ført til store kutt både i skule og SFO for Finnøy sentralskule.

Skulen har gjort organisatoriske endringar denne hausten slik at ein har klart å gjera nokre innsparinga denne hausten. Endringane 2020 vil berre gje innsparingar for 5 månader (hausthalvåret), men på årsbasis vil det utgjera 2-3 millionar. I tillegg har skulen fått refusjonar for ulike tiltak.

For 2020 låg ein ann til eit overforbruk på om lag 11 millionar, dette er nå noko redusert, men me er ikkje i hamn. Tildelingsmodellen er under revidering, det er derfor usikkert på korleis budsjettet vil bli for 2021.

I sakene til neste møte i utval for oppvekst og utdanning ligg det ein sak om økonomisk tildelingsmodell for stavangerskolen samt forslag til justeringar

[Politiske møter - Møter - Utvalg for oppvekst og utdanning \(07.12.2020\) - Fjernmøte \(opengov.cloudapp.net\)](https://opengov.cloudapp.net)

I saka står det at ein vil gi skulane i tidlegare Finnøy og Rennesøy kommune småskuletillegg.

Eg er litt usikker på kor mykje dette vil utgjera for vår del, men truleg vil me måtta ta nokre innsparingar i 2021 i tillegg til dei innsparingane me allereie har gjort i 2020.



STAVANGER KOMMUNE

Finnøy sentralskule

Innspel frå SU: Fokuset vidare må vera å jobba for å få til eit forsvarleg budsjett. Kva ramme treng ein for å driva forsvarleg? FAU repesentantar vil ha eit samarbeidsmøte med rektor for å få meir kunnskap om budsjett og rekneskap

Vedtak: SU tok saka til orientering

Med vennleg helsing

Bente Tjelta
rektor